

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **16. november 2020** blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Ole Ørjan Hov.

MØTESTAD:	Kommunestyresalen, Sveio kommunehus
MØTESTART/ -SLUTT:	kl.18.00 – kl. 20.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Ole Ørjan Hov (MDG), Arne Valen (Sp), Gustav Eidsvåg (Frp) og Marit Elise Lier (Ap)
MØTANDE VARAMEDLEM:	1. vara Per S. Wathne (Krf)
FORFALL:	Solfrid Aasen (Sp)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN DELTOK:	Oppdragsansvarsleg revisor Else Holst-Larsen Forvaltningsrevisor Kjersti Gjuvsland, Deloitte AS på Teams i sak 31/20
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Jostein Førre Kommunalsjef Kenneth Tollefsen i sak 29/20
MERKNADER TIL INNKALLING :	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Feil i sakslista for sak 33 og 34 var retta og ny saksliste var sendt ut.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 28/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 14.09.20

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 14.09.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 16.11.20:

Utvalet hadde ingen merknader protokollen.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 16.11.20:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 14.09.20 blir godkjent slik han ligg føre.

**SAK 29/20 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – KOMMUNALSJEF
UTVIKLING**

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek kommunalsjef teknisk si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 16.11.20:

Kommunalsjefen Kenneth Tollefsen takka for invitasjonen. Han gjorde merksam på at rett tittel var kommunalsjef utvikling, ikkje teknisk. I tillegg til teknisk rammeråde, som klårt er størst, har han også ansvar for IKT (3 tilsette) og OSK (offentleg servicekontor 6 tilsette), som ligg under sentraladministrasjonen. Han gjekk nærare inn på deira oppgåver, talet på tilsette og budsjettramme og koss stoda var pr. i dag. Teknisk sektor er delt inn i einingane: Drift og anlegg (20 tilsette) og Plan og næring (11 tilsette). Av kommunale bygg er ca. 40 000 m² flate å vedlikehalde og ca. 100 km med kommunale vegar pluss gang- og sykkelvegar.

Utvalet hadde spørsmål om datatryggleik, samarbeid med andre kommunar om felles personvernombod, om kommunale bygg som ikkje er i bruk, om kjøp av eksterne tenester, om breibandutbygging og kommunal vatntilkopling. Utvalsleiar takka for orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 16.11.20:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek kommunalsjef utvikling si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

**SAK 30/20 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT –
«BARNEVERN TENESTA I SVEIO KOMMUNE»**

Sekretariatet si forslag til vedtak/innstilling:

Sveio kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om arbeidet med oppfølging av Deloitte sin rapport «Barneverntenesta i Sveio kommune» til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 16.11.20:

Utvalsleiar innleia og hadde spørsmål til rådmannen. Rådmannen viste til at i etterkant av rapporten hadde barnevernet fått ekstra kapasitet som følgje av ny stillingsheimel.

Utvalsmedlem Valen sakna vedlegga, spesielt rutine for avviksmelding under pkt. 9. Sekretær viste til at det var oversendt 14 vedlegg og ho oppmoda medlemmane til å ta kontakt dersom dei ønska å få vedlegg tilsendt. Han hadde også spørsmål om interkommunalt samarbeid. Rådmannen viste til at Sveio samarbeida med Etne, Vindafjord og Tysvær om ei vaktordning kveld og helgar. Han hadde tru på meir samarbeid på sikt.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 16.11.20 og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om arbeidet med oppfølging av Deloitte sin rapport «Barneverntenesta i Sveio kommune» til orientering.

SAK 31/20 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT ELLER EIGARSKAPSKONTROLL

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber Deloitte om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet ”.....” til neste møte på nyåret 2021.

Utvalet har følgjande innspel til tema/problemstillingar:

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 16.11.20:

Utvalsleiar gjorde greie for kommunestyrevedtaket kor eit prosjekt frå utvalet si innstilling blei flytta opp frå uprioritert til prioritert liste. Han gjorde framlegg om det fyrste prioriterte prosjektet «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» med særleg vekt på det fyrste. Utvalet støtta framlegget, då dei var samd i at kommunestyret sitt vedtak var retningsgjevande.

Forvaltningsrevisor Gjuvsland deltok på Teams og hun gjorde greie for det som stod om temaet i deira risiko- og vesentlegvurderingar. Ho ville leggje fram framlegg til to alternative mandat til neste møte. Utvalet slutta seg til dette.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 16.11.20:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber Deloitte om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Tilpassa opplæring og spesialundervisning” til neste møte på nyåret 2021.

SAK 32/20 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2019 – REVISOR SI ATTESTASJON

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Deloitte As om økonomiforvaltninga for 2019 og revisor si gjennomgang til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 16.11.20:

Revisor Holst-Larsen gjorde greie for nytt lovkrav. Det vert forventa at det ikkje vert sett av mykje tid og ressursar til dette arbeidet. Attestasjonen vert difor med atterhald om at det er ei avgrensa kontroll, som gjer moderat tryggleik. Ho hadde ikkje nokon merknader til økonomiforvaltninga i Sveio kommune.

Utvalet hadde inga merknader. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 16.11.20:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Deloitte As om økonomiforvaltninga for 2019 og revisor si gjennomgang til orientering.

SAK 33/20 REVISJONSPLAN FOR SVEIO KOMMUNE FOR REKNESKAPSÅRET 2020

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagte revisjonsplan frå Deloitte AS om rekneskapsrevisjonen for 2020 og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor om interimrevisjonen så langt i 2020 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 16.11.20:

Revisor Else Holst-Larsen orienterte om planen. Ho gjorde greie for risikobilde, vesentleg-grense, fokusområde, verdiar og revisjonsteam. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.11.20:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagte revisjonsplan frå Deloitte AS om rekneskapsrevisjonen for 2020 og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor til orientering.

SAK 34/20 MØTEPLAN 2020 – KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2021:
måndag 15.02, 03.05, 07.06, 20.09 og 15.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 16.11.20:

Utvalet drøfta framlegget. Utvalet blei samde om å gå for datoane, men at klokkeslett vert sett til kl. 17.00, slik dei andre folkevalde møta i kommunen. Revisor gjorde merksam på at ho ville kunne få problem å rekkje møtet 3. mai. Utvalet var da samd i at for denne datoen vert møtet sett til kl. 18.00 og dei andre til kl. 17.00.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.11.20:

Sveio kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2021:

måndag 15.02, 03.05, 07.06, 20.09 og 15.11 kl. 18.00.

Møtestart vert endra til kl. 17.00 med unnatak av møtet 03.05.21 der det vert sett til kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 35/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 16.11.20

27. Statusoversikt november 2020
28. Notat frå rådmannen om PPT-kontakt for skulane i Sveio 26.10.20 etter spm frå leiar
29. Komm.styrevedtak 21.09.20, sak 98 – Val av revisjon frå 1. juli 2021
30. Komm.styrevedtak 02.11.20, sak 110 - Kontroll- og kvalitetsutvalet – 2. behandling
31. Komm.styrevedtak 02.11.20, sak 113 – Plan for eigarskapskontroll 2020- 2024
32. Komm.styrevedtak 02.11.20, sak 114 - Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024
33. FKT- info september 2020
34. FM i Vestland – Samordning av statleg tilsyn – info om Nasjonal tilsynskalender
35. Status om forvaltningsrevisjon pr. okt.– Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) .
36. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland brann og redning IKS 13.11.20
37. Henvendelser til kontrollutvalget – fra FKT «Veileder for sekretariat for kontrollutvalg»
38. NKRF/dept. 24.08.20 – Enkeltrepresentanter kan delta digitalt i et ellers fysisk møte
39. NKRF/dept. 02.10.20 – Sekretariatet kan delta digitalt i fysiske møter i kontrollutvalet
40. FKT/dept. 15.10.20 – rådmannen kan ikkje endre kontrollutvalet sitt budsjettframlegg
41. Protokoll frå digitalt representantskapsmøte 27.10.20 – Krisesenter Vest IKS
42. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland brann og redning IKS 13.11.20

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 16.11.20:

Utvalsleiar og utvalsmedlem Lier var fortsatt uroleg for manglande oppfølging frå PPT ved skulane. Rådmannen var samd i at ein var inne i ein vanskeleg situasjon, men det blei spesielt ivaretatt omsynet til elevar med overgang til 1. klasse og 8. klasse. Situasjonen ville bli betre når dei nyttilsette var tilrådt. Han meinte det ikkje var eit alternativ å si opp avtalen med Haugesund, då det ikkje var ledig kapasitet i andre kommunar.

Sekretær gjorde greie for status og andre saker på lista. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 16.11.20:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 27 – 42/20 til orientering.

EVENTUELT

Andre saker var ikkje meldt eller tatt opp.

Neste møte

Etter vedtatt møteplan er neste møtedato måndag **15. februar 2021**.

Saker: orientering frå hovudtillitsvald og hovudverneombod, forvaltningsrevisjonsrapport om FOS, prosjektplan for nytt prosjekt og årsmelding for 2020.

Sveio/Aksdal, 16. november 2020

Ole-Ørjan Hov
kontroll- og kvalitetsutvalsleiar

Toril Hallsjø
utvalssekretær